

## Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har fulgt dagsturhytteprosjektet i Sogn og Fjordane i lengre tid, og er glad for at det ser ut til å vere interesse for å «adoptere» dette over fylkesgrensa, som snart skal viskast ut. Prosjektet har vore ein stor suksess, mykje takka vere eit breitt engasjement frå ulike sektorar. Ein viktig medspelar i prosjektet er Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, som er med å finansiere hyttene. Denne stiftinga løyver midlar til ulike prosjekt, tilbake til Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar – og desse er definert til Sogn og Fjordane. Såleis har Sparebankstiftinga ikkje vore aktuell for medfinansiering av eventuelle dagsturhytter i Hordaland. Det er ønskje om å få eit liknande prosjekt i Hordaland, men det vil vere trong for finansiere tiltaket, til dømes i samarbeid med eksterne aktørar, i tillegg til ressursbruk internt for å koordinere dette opp mot leverandørar, kommunane og spelemiddeleordninga. Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til prosjektet Nynorske turbibliotek som skal plasserast i dagsturhyttene.

Sparebankstiftinga/Sparebanken Sogn og Fjordane har også eit kundegrunnlag i Bergen, og Bergen kommune v/bymiljøetaten fekk difor tilbod i 2017 om å bygge 1-2 dagsturhytte på eit av byfjella med same vilkår som dei andre hyttene. Dette fekk dessverre ikkje tilstrekkeleg forankring i kommunen, og prosjektinitiativet vart ikkje realisert.»